


# Handlingsplan for fråvær i skule og barnehage



2020

---

Bømlo kommune



## Forord

Denne planen er ei presisering av rutinar og handlingsalternativ ved fråvær i utdanningsløpet til born og ungdommar. Bømlo kommune definerer utdanningsløpet til barn og unge med start i barnehage, deretter barneskule og ungdomsskule.

Handlingsplanen skildrar først korleis Bømlo kommune forstår og definerer fråvær, deretter gjev den ei kortfatta kunnskapsoppsummering på temaet, før den skildrar rutinane for fråvær i Bømlo kommune. Avslutningsvis ei oversikt over hjelpeskjema for å kartlegga situasjonen, samt utdanningsdirektoratet sin rettleiar for born som ikkje møter i skulen.

Denne planen er inspirert frå Hå, Oslo og Stord kommune. Vidare er det tatt med i rutinane ein del av Bømlo kommune sine tidlegare retningslinjer for skulefråvær frå 2009.

Rutinane er sett inn i ei BTI-ramme og dei ulike tiltaka er skildra i kva nivå ein arbeider på.



## Innhold:

Forord .....	2
Innleiing .....	4
Kva er fråvær? .....	5
Fråvær kan ha ein funksjon .....	7
Barn som flyttar utanlands utan å melde frå til skulen.....	8
Kva kan dei ulike tenestene som har hjelpeteneste bidra med inn i samarbeid kring problematisk fråvær? .....	9
Tiltak og rutinar .....	10
<i>Barnehage</i> .....	10
<i>Skule</i> .....	12
Kartleggingsskjema - Barnehage/ skulesituasjon .....	14
Kartleggingsskjema - Sjekkliste for informasjon frå føresette .....	15
Kartleggingsskjema - Informasjon frå barnet/elev.....	16
Utdanningsdirektoratet sin rettleiar .....	17



## Innleiing

Ein ynskjer at barnet/ungdommen skal ha mest mogleg kontinuitet både i den faglege og sosiale utviklinga si. Det er viktig å arbeida med å redusera fråvær i utdanningsløpet til barn og unge.

Konsekvensar av for stort fråvær kan vera færre og etter kvart manglande meistringsopplevingar, sosial isolasjon og utanforskap, samt andre negative prosessar i familien og/eller nettverket til barnet. Ein har undersøkingar som tyder på at høgt fråvær i barnehage og skule, aukar risikoen for fråfall i vidaregåande skule og vil då ha konsekvensar for arbeidsliv og sosiale vanskar og utfordringar ikring psykisk helse i vaksen livet.

Å ha ei systematisk og planlagd tilnærming til fråvær i barnet sitt utdanningsløp er viktig. Vidare treng alle utdanningsinstitusjonane å kontinuerleg vere medvitne om tilnærminga. Grunn for fråværet er ein viktig faktor; ein må kjenne til risikofaktorar som kan føra til fråvær og korleis ein kan førebyggja dei. Årsakene er ofte samansette og komplekse, og det kan vere ulike faktorar på dei ulike arena barnet er ein del av som heimen, barnehagen/skulen og fritida. Det viktigaste er at ein som fagperson er open, klok og undrande i møte med barn, unge og foreldre i samtalar knytt til fråvær. Eleven si stemme er avgjeraende for at skulen kan lytte og freiste å forstå, og finne gode tiltak for å hindre fråvær.



## Kva er fråvær?

Dei fleste barn og unge trivest godt i barnehage og skule. Dette vert stadfesta i ulike undersøkingar. Likevel finn me barn og unge med eit stort fråvær, og det startar i nokre tilfelle alt medan dei går i barnehagen.

Barnehage er eit frivillig tilbod, og barna har gjerne ulike typar tilbod. Når det er takka ja til eit barnehagertilbod, bør frammøte skje regelmessig og fråvær skal meldast til barnehagen. Barnehagane har som regel eit klokkeslett kvar morgen for når barna skal vera komne dersom ikkje anna er avtalt. Dette mellom anna fordi barn som kjem seint kan ha vanskar med å koma inn i barnegruppa og leiken.

Når barnet er i skulepliktig alder kan det vera ulike grunnar til fråvær. Fråværet kan vera gyldig eller ugyldig og skuldast ulike forhold. Skulefråvær omhandlar mykje, men kan ofte resultere i både det ein ofte kallar skulevegring og skulk, og blir definert slik:

«Fråvær frå undervisninga og det sosiale fellesskapet på skulen, gyldig eller ugyldig, av eit omfang som medfører uro for eleven si faglege utvikling, samt eleven si sosiale tilhøyrsel og utvikling» (Ingul, 2001).

Skulefråvær kan førekomma på alle klassetrinn og kan kjenneteiknast ved følgjande punkt:

- Fråværet kan vere heile dagar, men og minuttar og enkelttimar
- Fråværet kan vere systematisk og usystematisk
- Nokre elevar er systematisk borte frå skulen i enkelte fag
- Nokre elevar er systematisk borte frå skule med ein bestemt lærar
- Nokre elevar er borte frå skulen i timer eller dagar der skulekvardagen kan opplevast å vere kaotisk og usystematisk
- Nokre elevar er systematisk borte frå skulen på dagar med faglege krav og forventningar som eleven opplever å ikkje mestre
- Nokre elevar kan vere usystematisk borte frå skulen grunna hendingar og høve på heimebane/fritid eller akutte hendingar på skulen
- Barnet/elev kan vise sterke kjensler og uro, men andre kan vere meir eller mindre lukka kring fråværet.

Denne opplinga syner oss at fråvær er komplekst, og må møtast med systematikk og ei felles forståing og grundig kartlegging av mønster. Eit tett samarbeid med barn/elev og heim, bygd på tillit og felles forståing, er viktig i møte med problematisk skulefråvær.



Alle teikn til at barnet har eit emosjonelt ubehag ved å gå på skulen må møtast med undring og samarbeid. Barnet kan kjenne på frykt/angst/fobi og kan klaga på «vondtar». Barnet/eleven er som regel interessert i skulearbeidet og ynskjer å gå på skulen, men klarar det ikkje. Eleven er heime, og føresette veit om det. Vidare opp i alder, kan ein og ofte sjå at barnet/eleven viser lita interesse i lekser og mislikar skule. Barnet/eleven prøver å skjula fråværet for føresette og skule. Barnet har som regel ikkje frykt eller redsle for å gå på skulen. Ein veit og at nokre familiar og har det vanskeleg og dermed ikkje klarar å stå i daglege rutinar. Det er ei skuleplikt i Norge, og det er viktig for barn å stå i daglege rutinar. Det er og målet med denne handlingsplanen; meir kunnskap om tema problematisk fråvær og treffsikre tiltak - tidleg.

Forsking indikerer at minst ein i kvar klasse er i faresona og vil trenge tiltak. Dette er eit veksande og alvorleg problem. Me har sett til eit nyare forskingsprosjekt av Berit Vereide NTNU frå mars 2019 om «Problematisk skulefråvær» (Vereide, 2019). Her viser ho til at det kan vere fleire årsaker til skulefråvær, og problematikken er som regel samansett. Fråvær kan ikkje bli isolert til eit enkelt-ståande problem, men må sjåast i samanheng med eleven sine relasjonar og omverda. Med andre ord må me sjå på skulefråvær ut frå eit heilskapsperspektiv. Hovudfokus i studien har vore på korleis me kan hjelpe elevar som har utvikla eit problematisk fråvær, og på kva tiltak som kan bidra til å få desse elevane tilbake til skulen.

Analysen av materialet Vereide samla inn munna ut i fem kategoriar: bruk av Omgrep, Haldningar, Tiltak, Heilskapsperspektivet og Politiske føringer. Forhold som var meir overraskande var informanten si vektlegging av haldningar og haldningsarbeid, og PPT si rolle i arbeid med problematisk skulefråvær. Dette gjer oss ei innsikt om at me som system må vektlegge og drive kunnskap og haldningsarbeid til tilsette i barnehage og skular (Vereide, 2019).



## Fråvær kan ha ein funksjon

Den åtferd som eit barn/ elev syner har som regel ein funksjon. Barnet/elev ynskjer å oppnå noko. Det kan vera å unngå ubezag og vonde kjensler eller det kan vera å oppnå goder eller merksemd.

Forståinga av elevar sitt fråvær kan og sjåast på ut frå kva funksjonar fråværet har for den enkelte. Kearney skildrar fire hovudårsakar (Kearney, 2008a). Dei to fyrste årsakane er knytt til det å ville unngå ubezag. Dei to siste handlar om å gjere noko meir attraktivt enn å vere på skulen.

Skulefråvær for å unngå eller sleppe unna ubezag kan innebere fråvær for å sleppe stadar eller situasjonar som blir opplevd som vanskelege. Det kan vere skuleplassen, korridorar, toalett, eller skuleskyssen, o.l. Fråværet kan og vera grunna ut frå å ville unngå ubehagelege sosiale situasjonar og/eller situasjonar som inneber evaluering. Dette kan vere situasjonar som utset eleven for eksponering av alle slag (Kearney, 2008a).

Skulefråveret kan og ha den funksjon at eleven oppnår meir kontakt med omsorgspersonar. Dei søker merksemd og ynskjer heller å vere heime med sine føresette. Den siste funksjonen handlar om å ville gjere noko meir attraktivt enn å gå på skulen. Å kunne ligge lenge på morgonen, sjå på TV, spele pc- spel eller vere med venner på kjøpesenter kan vere slike faktorar (Kearney, 2008a)

Men nyare forsking viser avgrensingar med denne modellen til Kearney. At den er ei forenkling (Holden & Sållman, 2010). Det er som regel ei overlapping mellom årsakar til fråværet. Det er ingen barn som ynskjer å vere heime og spele. Innerst inne ynskjer dei å fungere «normalt» på skulen. Men tek enkle og kortsiktige løysingar for eit større problem.

Men inndelinga er likevel verdifull fordi den komplimenterer bilde av årsakssamanhangar til problematisk fråvær. Uansett kva som er årsaka til fråværet må dette kartleggjast i kvart enkelt tilfelle, og tiltak setjast inn ut frå dette (Holden & Sållman, 2010).



# Barn som flyttar utanlands utan å melde frå til skulen

Dersom eit barn flyttar utanlands, utan å søkje permisjon eller skriv seg ut av skulen og ein ikkje får dialog med føresette på kva tid barnet er tilbake, plan for retur til Norge eller anna konkret informasjon skal ein arbeida med føresette etter BTI sin handlingsrettleiar og dokumentera arbeidet skulen gjer i Stafettloggen om føresette gir samtykke. Dersom føresette ikkje gir samtykke til dokumentasjon og samarbeid i Stafettloggen, må skulen dokumentera arbeidet i Ephorte.

Det er skuleplikt i Norge og dersom føresette ikkje føl opp dette så skal ein sjå etter om barnet får fylt sine rettar etter lova. Dersom ein ikkje får tilfredstillande informasjon om planane skal ein sende bekymringsmelding til barnevernet. Trykk her for å komme til meldeskjema til barnevernet.

[Trykk her for å komme til meldeskjema til barnevernet](#)

Sjå vedlegg med retningslinjer frå Utdanningsdirektoratet vedlagt denne planen for dokumentasjon og lovheimlar.

## Risiko - og beskyttelsesfaktorar for utvikling av fråvær:

Som tidlegar skildra er det ofte ein tilstand med ulike faktorar som bidreg til at vanske oppstår. Individuelle faktorar og miljøet barnet er ein del av påverkar kvarandre. I følgjande oversikt er det lista opp dømer på risiko- og beskyttelsesfaktorar med tanke på utvikling av urovekkjande fråvær.

	Risikofaktorar:	Faktorar som beskyttar:
<b>Barnet/ eleven</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sårbar for stress</li> <li>- Sjenert, blyg, inneslutta</li> <li>- Uro for andre ting enn skule</li> <li>- Låg sosial kompetanse</li> <li>- Få eller ingen vener</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- God sosial kompetanse</li> <li>- Prososiale ferdigheter</li> <li>- Minst ein god ven</li> <li>- Gode meistringsstrategiar</li> <li>- Positivt sjølvbilete</li> <li>- Skulefagleg meistring</li> </ul>
<b>Familien</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samspelsvanskar i familien</li> <li>- Psykiske lidingar hjå føresette</li> <li>- Manglande grensesetting</li> <li>- Lite sosialt nettverk</li> <li>- Føresette med eigne negative erfaringar med barnehage/skule</li> <li>- Føresette som er utrygge på om barnet har det bra på i barnehagen/skulen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- God psykisk helse</li> <li>- Tydeleg varm grensesetting</li> <li>- Aktiv involvering i barnehage og skulekvardagen til barnet</li> <li>- Støttande sosialt nettverk</li> <li>- Godt samarbeid mellom heim og barnehage/skule</li> </ul>
<b>Skulen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Manglande rutinar for registrering og handtering av fråvær</li> <li>- Høgt fråvær hjå dei tilsette</li> <li>- Dårleg klasse og læringsmiljø</li> <li>- Mobbing</li> <li>- Lite kompetanse på psykiske lidingar</li> <li>- Lite tilpassa opplæring</li> <li>- Lite forutsigbar undervisning</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Trygg relasjon mellom dei tilsette på skulen/barnehagen, barnet og barna imellom</li> <li>- Interne støttesystem og gode rutinar</li> <li>- Tidleg involvering av andre aktørar; støtte- og hjelpetenester</li> <li>- Handlingskompetanse på intervension ved urovekkjande fråvær og skulevegring.</li> </ul>



# Kva kan dei ulike tenestene som har hjelpeteneste bidra med inn i samarbeid kring problematisk fråvær?

## **Helsejukepleiartenesta – førebyggande helse:**

- Støtte i samarbeidet mellom heim og skule
- Delta i nettverksmøter
- Tilby samtalar på ulike tema med barnet/elev, saman eller kvar for seg
- Helsejukepleiar i skulane har fast kontortid, dette skal vera kjent på skulen si heimeside

## **Førebyggjande tiltaksteam barn og unge , Barne og Familienesta**

- Barne- og Familienesta generelt, og vårt førebyggjande tiltaksteam spesielt kan tilby råd og rettleiing til føresette avhengig av problematikk

## **PPT – pedagogisk psykologisk teneste**

- Gir råd og samarbeider med skulen på individ og systemnivå etter BTI modellen
- Deltek på samarbeidsmøtene i skular og barnehagar

## **Barnevernet:**

- Arbeider saman med skule, føresette og barnet etter BTI modellen
- Kartlegg situasjonen som familien har
- Føresette kan få rettleiing til situasjonen i heimen og evt. andre tiltak etter behov og ressurs
- Vurderer situasjonen etter lov om barneverntenester

## **Ungdoms-LOS:**

- For ungdommar med problematisk fråvær mellom 12-23 år – samarbeid etter BTI modellen, oftast på nivå 3. Men kan delta på nettverksmøte på nivå 2 for å informere om tiltak og rådgje på system.
- Fokuset skal vere på ungdommar som treng ei ekstra støtte i kvardagen og som har samansette utfordringar
- Målretta tiltak for å få ungdom tilbake på skulen, hindre fråfall
- Arbeider i eit tett samarbeid med tenestene rundt ungdommen og kan vere eit bindeledd i oppfølgingsarbeid som krev ekstra innsats

## **Helsestasjon for Ungdom**

- Drop-in tilbod for ungdom mellom 13-25 år for gratis helsetilbod kvar onsdag kl 16-18 på Helsestasjon. Du treng ikkje time. Her møter du lege, jordmor, helsejukepleiar, psykisk helsearbeidar, ruskonsulentar der du kan få hjelp for både psykisk, fysisk og seksuell helse og rus.

## **Førebyggjande rusteam:**

- Jobbar opp mot rus, kriminalitet og psykososiale utfordringar etter BTI modellen
- Tilbyr HAP (Hasj-avvenningsprogram) og samtalar og individuell oppfølging av rus og avhengighetsproblematikk
- Me bidreg med råd og rettleiing til foreldre/pårørande og samarbeidspartnarar

## **SLT- koordinator:**

- Målet med SLT ordninga er at barn og unge i kommunen skal få riktig hjelp til riktig tid av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av einingar og faggrupper
- Samarbeider med skule, føresette og andre hjelpetenester etter BTI modellen



# Tiltak og rutinar

## Barnehage

For barn i barnehagealder er det viktig at dei har kontinuitet i kvar dagen sin, og følgjer barnehagen sine planar. Barnehagane har ein rammeplan som dei skal planlegge si verksemd på, samt eit pedagogisk innhald som fylgjer barnet si naturlege utvikling på ulike alderstrinn. Den sosiale inkluderingsa, læring og relasjonsbygginga er viktig for barnet si sosio-emosjonelle utvikling. Det er då viktig at barnet får den utviklingsstøtta det kan med å vera tilstades i barnehagen. Dess nærmere barnet er skulealder er det viktig at barnet er med resten av gruppa i førebuing til skulestart.

### Tiltak:

#### 1. Førebyggande tiltak

Barnehagen må opplysa føresette om kva fråvær frå barnehagen kan utløysa av negative utviklingsprosessar. Det må gjerast i:

- Oppstartssamtale og foreldresamtalar
- Brosjyrematriell og heimeside
- Personalmøte
- Foreldremøte
- Skapa eit inkluderande barnehagemiljø gjennom gode rutinar og openheit om temaet
- Kunnskap hjå dei tilsette om psykisk helse og korleis hindra utanforskap

#### 2. Rutinar ved fråvær i barnehagane:

sjå BTI nivå modell på s 13

#### 3. Ved uro for at barnet har lite regelmessig oppmøte i barnehagen så skal barnehagen ta det opp med føresette jf. BTI handlingsrettleiar.

<https://bomlo.betreinnsats.no/>

<https://bomlo.betreinnsats.no/btirettleiar/rettleiar/>



## Nivå 0

Definer uroa for barnet sitt fråvær

Situasjon: *Barnet har mykje fråvær frå barnehagen.*

Tiltak: Kartlegg situasjonen med skjema som ligg i [handlingsretteliaren](#)

- Drøft med din nærmeste leiar
  - [Del uroa med føresette](#) innan 4 veker
- 

## Nivå 1

Her vert det jobba i samarbeid med barnehage og heim.

Situasjon: *Ein arbeider saman for å finna felles forståing for situasjonen og tiltak som kan gjera det slik at dei teikn på uro som ein har kartlagt kan forbetraast for barnet.*

Tiltak: Tiltaka må vera så presise og konkrete som råd er å vera retta mot kjerneproblematikken som kartlegginga i nivå ein har kome fram til.

- Samtalar med føresette/ familien samla
- Bruk [Stafettloggen](#) for dokumentasjon og samarbeid med føresette.
- Føresette skal ha ansvar for eigne tiltak som og vert skrivne inn i [Stafettloggen](#).

Dersom tiltaka i kring fråværet framleis ikkje har hatt effekt innan 6 veker så skal skulen ta kontakt med hjelpetenestene for vidare arbeid med saka.

---

## Nivå 2

Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester, føresette og barn for å løysa utfordringa.

Situasjon: *Tiltak som har vore prøvd ut i barnehagen og heim har ikkje hatt ynskja effekt og/eller ein treng samarbeid av andre hjelpetenester for å løysa utfordringane.*

Tiltak:

- Kall inn [hjelpeteneste](#) som kan vera med å ha ei utvida kartlegging og ha ulike andre tiltak, hjelpetenestene skal vera tilgjengeleg til eit møtepunkt innan 2 veker.
  - Ha jamlege nettverksmøter med status og evaluering av tiltaka som er iverksetting
  - Ein bruker [Stafettloggen](#) som dokumentasjon og samhandlingsarena mellom heim, barnehage og hjelpetenestene
- 

## Nivå 3

Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, føresette/barn og tilviste tenester for å løysa utfordringa.

Situasjon: *Det er naudsynt med eit større tverrfagleg samarbeid i tillegg til elev, barnehage og føresette for å løysa utfordringa med høgt barnehagefråvær. Dette kan vera grunna at utfordringane er samansette og komplekse. Dette kan vera ved større utfordringar ikring rus, psykisk helse eller kompliserte forhold i heimen.*

Tiltak:

- Samarbeidsmøter
- Samtale med barnet
- Familiesamtalar og ytterlegare kartlegging av 1. eller 2. linjetenester avhengig av probematikk

## Skule

Skulefråvær er eit problem som må arbeidast med så tidleg som mogleg, både i alder og forløp. Viktig at ein er observant og har fokus på tidleg innsats for å få redusert fråværet så snart som råd er.

### 1. Førebyggande tiltak:

- Informasjon og kunnskapsformidling til alle tilsette og føresette om urovekkjande fråvær, rutinar og skulen sin arbeidsmodell ved fråvær
- Skapa eit inkluderande skolemiljø gjennom gode rutinar og openheit om temaet
- Kunnskap om psykisk helse og korleis hindra utanforskarp
- Ta opp med føresette og elev fråvær og trivsel i skulen på alle utviklingssamtalar, inkludert fråvær i kvar samtale som ein del av felles rutine.

### 2. Rutinar ved fråvær i skulane:

- Skulen skal registera alt fråvær, heilt ned til enkelttimar uavhengig av årsak.
- Føresette skal gi melding til skulen ved fråvær kvar dag det er fråvær frå skulen (SMS, telefon, mail) og gi ei vurdering på kor lengre fråværet kjem til åvare.
- Innslagspunkt for å opprette stafettlogg nivå 1: 10 enkelttimar/5 dagar pr mnd, 10 dager pr semester eller 5 forseintkominger på 1 mnd

Omfang av fråvær/situasjon	Tiltak	Ansvarleg	Målsetjing med tiltak
<b>NIVÅ 0</b> Ved fyrste tilfelle av fråvær utan gyldig grunn anten timer eller dagar. ALT fråvær skal registrerast, og timefråvær td 1/6	Føresette vert kontakta og samtale med eleven BTI nivå 0-1 Sjå BTI oppsett nedanfor tabellen	Kontaktlærar	Gjennom samtale og samarbeid med elev og føresette få oversikt og mogleg årsak til fråværet, og iverksetje evt. tiltak. Kontakt heim etter 3 dagar fråvær for å etablere samarbeid
<b>NIVÅ 1</b> Fråvær 10 einskildtimar/ 5 dag over ein månad/ Fråvær 10 dagar i semester/ 5 forseintkominger på ein månad	Kontaktlærar drøftar med nærmeste leiar. Elev og føresette vert kalla inn til samtale BTI nivå 1 Opprett STAFETTLOGG	Kontaktlærar	Få oversikt og innsikt i kva som opprettheld fråværet om mogleg. Avtale nye tiltak på skulen og heime. Vurderer tiltak etter 6 veker – om tiltak verkar fortset med utviklingsarbeid på nivå 1 til ein vurderer at ein ev kan avslutte.
<b>NIVÅ 2 / (3)</b> Fråvær forset utover 6 veker konstant eller sporadisk, tiltak som er iverksett har ikkje ynskja effekt. Eleven har eit omfattande fråvær og rett/plikt til opplæring vert ikkje fylgt opp	Skulen kallar inn hjelpeinstans på nivå 2 til netteverksmøte BTI nivå 2 ev. nivå 3 INVITER EK-STERNE FAGPERSONAR SOM FØL OPP I STAFETTLOGG Sjå BTI oppsett nedanfor tabellen.	Rektor	Eksterne ressursar har tiltak som kan avhjelpe fråværet, og hjelpa skule, føresette og elev med å få ned fråvær og eliminera skulefråværet.
<b>NIVÅ 3</b> Barnet kjem ikkje tilbake på skulen trass tiltak, er utanlands eller oppheld seg på ukjent adresse for skulen	Drøfting med kommunalsjef på situasjonen og ein vurderer bekymringsmelding og/eller politianmelding	Rektor	Kommunen tek sitt ansvar med å melda frå om at barnet ikkje får oppfylt retten til offentleg grunnskuleopplæring



## Nivå 0

Definer uroa for eleven sitt fråvær

Situasjon: *Eleven har hatt ugyldig/gyldig fråvær frå skulen på enkelttimar og/eller heile dagar.*

Tiltak: Kartlegg situasjonen med skjema som ligg i [handlingsretteliaren](#)

- Drøft med din nærmeste leiar
- [Del uroa med føresette](#) innan 4 veker

---

## Nivå 1

Her vert det jobba i samarbeid med skule og heim.

Situasjon: *Ein arbeider saman for å finna felles forståing for situasjonen og tiltak som kan gjera det slik at eleven er tilstades på skulen.*

Tiltak: Tiltaka må vera så presise og konkrete som råd er å vera retta mot kjerneproblematikken som kartlegginga i nivå ein har kome fram til.

- Samtalar med elev
- Samtalar med føresette/ familien samla
- Bruk [Stafettloggen](#) for dokumentasjon og samarbeid med føresette.
- Føresette og evt. Elev skal ha ansvar for eigne tiltak som og vert skrivne inn i [Stafettloggen](#).

Dersom tiltaka i kring fråværet framleis ikkje har hatt effekt innan 6 veker så skal skulen ta kontakt med hjelpetenestene for vidare arbeid med saka.

---

## Nivå 2

Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester, føresette og barn for å løysa utfordringa.

Situasjon: *Tiltak som har vore prøvd ut i skulen og heim har ikkje hatt ynskja effekt og/eller ein treng samarbeid av andre hjelpetenester for å løysa utfordringane.*

Tiltak:

- Kall inn [hjelpeteneste](#) som kan vera med å ha ei utvida kartlegging og ha ulike andre tiltak, hjelpetenestene skal vera tilgjengeleg til eit møtepunkt innan 2 veker.
- Set i gong tiltak som er konkrete og målbare
- Ha jamlege nettverksmøter med status og evaluering av tiltaka som er iverksetting
- Ein bruker [Stafettloggen](#) som dokumentasjon og samhandlingsarena mellom heim, barnehage og hjelpetenestene

---

## Nivå 3

Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, føresette/barn og tilviste tenester for å løysa utfordringa.

Situasjon: *Det er naudsynt med eit større tverrfagleg samarbeid i tillegg til elev, skule og føresette for å løysa utfordringa med høgt skulefråvær.*

*Dette kan vera grunna at utfordringane er samansette og komplekse. Dette kan vera ved større utfordringar ikring rus, psykisk helse eller kompliserte forhold i heimen.*

Tiltak:

- Samarbeidsmøter
- Samtale med elevn
- Familiesamtalar og ytterlegare kartlegging av 1. eller 2. linjetenester avhengig av probematikk
- Tiltak spesifikt retta mot evt. rus, psykisk helse, utfordringar i heimen

# Kartleggingsskjema - Barnehage/ skulesituasjon

Barnehage / skulesituasjon:	Notat:
Fråværsatferd hos barnet/eleven - Varigheit - Kor ofte er eleven vekke frå barnehage/ skule?	
Er det mønster i fråværet - knytt til fag/tema? - situasjonar? - personar? - aktivitetar?	
Mønster av vegningsåtferd utan fråvær? - knytt til fag/tema? - situasjonar? - personar? - aktivitetar?	
Vert eleven plaga og/eller mobba på barnehagen/skulen, skulevegen eller fritida?	
Vurdering av barnet si utvikling i <u>barnehagen</u> : - Aldersadekvat meistring - Sosial utvikling - Samspel	
Vurdering av <u>skulefagleg</u> kompetanse: - Fag der eleven syner meistring og trivsel - Fag der eleven har vanskar	
Enkeltsituasjonar der eleven klarar å møta på skulen eller delta i aktivitetar der eleven vanlegvis syner vanskar?	
Kva viktige vaksenrelasjoner har elevn på skulen og korleis fungerer desse?	
Har eleven viktige relasjoner til jamaldringar på barnehagen/skulen?	
Er kvardagen organisert, strukturert og kjend for barnet/elevn i førekant?	
Kva tiltak er prøvd ut på skulen og korleis har dette fungert?	



# Kartleggingsskjema - Sjekkliste for informasjon frå føresette

Sjekkliste for informasjon frå føresette	Notat:
Føresette si oppleving av barnet/elevens generelle trivnad både barnehagen/skulen og på fritida.	
Føresette si skildring og forståing av barnet/elevens vanskar. Tenkjer føresette at det er vegringsåtferd eller er det andre forklaringar?	
Vert barnet/elevens plaga eller mobba i barnehagen/-skulen, på skuleveg eller på fritida?	
Skildring av evt. vegringsåtferd heime <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vanskeleg å få barnet/elevnen til å gjera seg klar å gå til barnehage/skule?</li> <li>- Har barnet fysiske plager med å gå i barnehage/-skule?</li> </ul>	
Dersom barnet har ikkje planlagt fråvær frå barnehage eller skule, kva aktivitetar gjer barnet/elevnen på når dei er heime?	
Er det helsemessige forhold av betydning for barnet si fungering og fråvær? <ul style="list-style-type: none"> <li>- Søvnsmønster</li> <li>- Matlyst</li> <li>- sjukdommar</li> </ul>	
Har det skjedd endringar eller er det belastningar i familien som kan setjast i forhold til barnet/ eleven sine vanskar? (Samlivsbrot, søsken, sjukdom eller andre liknande ting.)	
Enkeltsituasjonar der barnet/elevnen klarar å delta i aktivitetar som ein vanlegvis har vanskar med? Føresette si vurdering på kvifor det gjekk bra.	
Føresette si ansvarsfordeling når det gjeld å følga opp barnehage/skule og oppmøte?	
Andre instansar som er involvert i familien?	



## Kartleggingsskjema - Informasjon frå barnet/eleven

Informasjon frå barnet/eleven	Notat:
Kva fag, situasjonar eller aktivitetar likar barnet/eleven?	
Er det fag, situasjonar eller aktivitetar som eleven opplev som vanskelege eller ubehagelege? Nokon døme: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forlata foreldra</li> <li>- Skulevegen</li> <li>- Leika/jobba saman med andre born</li> <li>- Snakka med dei vaksne</li> <li>- Gå på toalettet i barnehage/skule</li> <li>- Eta i barnehagen/skulen</li> <li>- Be om hjelp frå dei vaksne</li> <li>- Svara på spørsmål i gruppe/klasse</li> <li>- Snakka høgt i gruppe/klasse</li> <li>- Ha prøvar eller testar</li> </ul> Enkelte tema eller fag som er vanskelege	
Har barnet/eleven vanskelege eller vonde kjensler knytt til nokon av situasjonane lista opp ovanfor eller er det meir generelt ovanfor barnehage/skulesituasjonen?	
Har barnet/eleven vanskelege eller negative tankar knytt til nokon av situasjonane lista opp ovanfor eller er det meir generelt ovanfor barnehage/skulesituasjonen?	
Uroar barnet/eleven seg for noko utanfor barnehagen/-skulen til dømes skuleveg, heimesituasjon, personar eller andre ting?	
Har barnet/eleven gode vener?	
Vert barnet/eleven plaga og/eller mobba av andre?	
Kva vaksne har barnet/eleven ein god relasjon til? Har barnet negative relasjonar til vaksne?	
Enkeltsituasjonar der barnet/eleven klarar å delta i aktivitetar som ein vanlegvis har vanskar med? Kvífor det gjekk det bra?	
Er kvardagen organisert, strukturert og kjend for barnet/eleven i førekant? Veit barnet/eleven kva som skal skje i sin kvardag i barnehage/skule?	



# Utdanningsdirektoratet sin rettleiar

## Veileder om hvordan kommuner og skoler systematisk kan håndtere situasjonen der barn ikke møter i grunnskolen

### **1. Alle barn som er bosatt i Norge har rett og plikt til grunnskoleopplæring**

Kunnskapsdepartementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å utarbeide en veileder for hvordan kommuner og skoler systematisk kan håndtere barn som ikke møter i grunnskolen. Hvert år opplever mange kommuner at noen elever ikke møter på skolen uten at de kjenner årsaken. Alle barn som er bosatt i Norge har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Det er foreldrene eller andre som har omsorg for barnet som har ansvaret for å påse at barnet får den grunnskoleopplæringen den har plikt og rett til. Det er kommunen som har ansvaret for at alle barn som er bosatt i kommunen får oppfylt retten til offentlig grunnskoleopplæring. Dersom en elev er borte fra den pliktige opplæringen uten å ha rett til det, kan foreldrene eller de som har omsorg for barnet, på visse vilkår, straffes med bøter. Hensikten med denne veilederen er å bidra til at kommuner behandler slike saker likt, og å sikre at barn i opplæringspliktig alder får oppfylt sin rett og plikt til grunnskoleopplæring. Det er viktig at hver kommune og skole følger opp den enkelte elev som er fraværende. I veilederen tar vi sikte på å klargjøre hva skoleeier må gjøre for å sørge for at retten til offentlig grunnskoleopplæring er oppfylt. Vi har også utarbeidet forslag til konkrete rutiner som skoler og kommuner kan følge. Veilederen er utarbeidet i samarbeid med Politidirektoratet og Barne-, ungdoms- og familieliderektoratet. Utgangspunktet er Oslo kommunes rutiner.

### **2. Elevens og foreldrenes rettigheter og plikter og kommunenes plikter**

Hovedregelen er at alle barn og unge som oppholder seg i Norge har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Retten og plikten til grunnskoleopplæring kan oppfylles på fire forskjellige måter:

1. offentlig grunnskole
2. privat hjemmeundervisning
3. privat grunnskole godkjent etter privatskoleloven
4. privat grunnskole godkjent etter opplæringsloven

Foreldrene står i utgangspunktet fritt til å velge hvordan retten og plikten til grunnskoleopplæring oppfylles, men foreldrene har ikke rett til å velge en kombinasjon av disse måtene. Kommunen eller rektor kan gi en elev permisjon fra grunnskoleopplæringen i inntil to uker. Forutsetningen er at det er forsvarlig å gi eleven permisjon. Rektor kan ikke gi permisjon ut over to uker av gangen. Dersom foreldrene ønsker å ta barna sine ut av skolen lengre enn dette, og de oppholder seg i Norge, gjelder reglene om privat hjemmeundervisning.

Hovedregelen er at det er kommunen som skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring, enten dette er ordinær opplæring eller spesialundervisning. Kommunen har dermed et oppfølgingsansvar dersom en elev ikke møter på skolen. Kommunen skal også ha et forsvarlig system. Dette systemet har to elementer. Det forsvarlige systemet skal for det første være egnet til å vurdere om kravene i opplæringsloven med forskrift er fulgt. For det andre skal systemet støtte kommunen i å følge opp resultatene fra disse vurderingene og nasjonale kvalitetsvurderinger.



### 3. Dokumentert og udokumentert fravær.

Fravær i grunnskolen kan deles i dokumentert og udokumentert fravær. I grunnskolen er det to typer dokumentert fravær. Dette er dokumentert fravær av helsemessige grunner og permisjon innvilget av skolen Bakgrunnen for at det kun er disse to fraværsgrunnene som godtas i grunnskolen, er elevens opplæringsplikt. Opplæringsplikten medfører at eleven i utgangspunktet skal delta i opplæringen.

Dersom eleven skal være borte, skal foreldrene ha søkt om permisjon.

Når *eleven* er borte på grunn av helsemessige årsaker, er melding fra foreldrene gyldig dokumentasjon. Skolen kan kreve legeerklæring for langvarig fravær, og foreldre og elever kan kreve at sykdomsfravær ikke føres på vitnemålet.

#### Dokumentert fravær:

For at fravær i inntil 10 dager som skyldes helsegrunner ikke skal føres på vitnemålet, må eleven legge frem legeerklæring. Dette gjelder dersom fraværet har vart i mer enn tre dager.

- fravær i henhold til permisjon gitt av skolen
- fravær av helsemessige grunner, der foreldrene har meldt fra til skolen
- fravær der eleven har legeerklæring

#### Udokumentert fravær:

- fravær som foreldrene ikke har meldt fra om
- fravær som er av lengre varighet enn det skolen har gitt eleven permisjon for

### 4. Dette bør skolen og kommunen gjøre ved udokumentert fravær

Kommunen bør, for å sørge for at den oppfyller elevenes opplæringsplikt og elevenes opplæringsrett, be skolene følge saksbehandlingsprosedyren nedenfor trinn for trinn, eventuelt andre tilsvarende prosedyrer. Skolen vurderer saksbehandlingen fra sak til sak og ut fra lokale forhold. Den foreslalte prosedyren bør være gjennomført i løpet av en uke.

#### Prosedyrer for skolen

Skolen bør dokumentere tiltakene, henvendelser og resultater i en sak om udokumentert fravær. Det kan skolen gjøre ved å ta kopier av brev, møtereferater, notater og andre dokumenter. Dokumentasjonen oppbevares på skolen i elevens mappe.

#### Prosedyre når en elev er borte uten at fraværet er dokumentert:

1. Skolen kontakter foreldrene eller hjemmet
2. Dersom skolen ikke får kontakt med foreldrene eller hjemmet, bør den:
  - skrive et brev eller en e-post til hjemmet, med informasjon om opplæringsplikten og straffeansvar
  - kontakte andre skoler og barnehager, dersom eleven er registrert med søsken eller skolen kjenner annen familie
  - oppsøke hjemmet
  - kontakte foreldrenes arbeidsgiver(e)
  - kontakte folkeregistret for å kontrollere adressen



- 3.a) Skolen finner barnet, og han eller hun får opplæring i Norge  
 Skolen avslutter saken.
- b) Skolen finner barnet i Norge, men han eller hun får ikke opplæring  
 Skolen ved rektor sender bekymringsmelding til barnevernet, med beskrivelse av hvilke tiltak skolen har gjennomført (punktene over), samt resultat. Se kapittel fem.  
 Dette fratar imidlertid ikke den enkelte et selvstendig ansvar for å formidle opplysningene til barneverntjenesten dersom vedkommende rektor skulle unnlate å videreformidle opplysningene.
- c) Skolen finner barnet i utlandet  
 Skolen avslutter saken.
- d) Skolen finner ikke barnet  
 Skolen ved rektor sender bekymringsmelding til barnevernet, med beskrivelse av hvilke tiltak skolen har gjennomført (punktene over), samt resultat. Se kapittel fem. Skolen oversender saken til kommunen for videre oppfølging, se under for prosedyrer for kommunen.

#### **Prosedyrer for kommunen**

Kommunen må sørge for at skolene informerer foreldrene om gjeldende regelverk om opplæringsplikt og fravær. Minoritetsspråklige foreldre må også sikres informasjon.

Kommunen skal ha oversikt over alle barn i opplæringspliktig alder i kommunen. Oversikten må også omfatte elever i private skoler og barn som får privat hjemmeundervisning. Kommunen har også ansvar for å føre tilsyn med hjemmeundervisningen. Dersom en elev ikke har møtt opp til pliktig grunnskoleopplæring, har skolen sendt bekymringsmelding til barnevernet iht. rutinen over.

Dersom skolen har funnet barnet i Norge, men han eller hun får ikke opplæring, må kommunen arbeide målrettet for å få eleven tilbake til skolen. Kommunen vurderer om det er grunnlag for politianmeldelse, og anmelder dersom det foreligger slikt grunnlag. Foreldrene kan ikke straffes dersom årsaken til fraværet ikke er manglende aktivitet fra foreldrene, men andre utenforliggende forhold, for eksempel sykdom. Det samme gjelder dersom foreldrene har vært uvitende om fraværet og ikke kan lastes som uaktsomme.

#### **5. Dokumentasjon ved bekymringsmelding til barnevernet**

Rektor sender bekymringsmelding til barnevernet når barnet ikke møter opp til pliktig opplæring. Utdanningsdirektoratet, i samarbeid med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, har utarbeidet en anbefaling til hvilken dokumentasjon som må foreligge når dere sender en slik bekymringsmelding. Følgende dokumentasjon bør følge med bekymringsmeldingen fra rektor

- informasjon om dokumentert fravær
- skriftlig dokumentasjon på oppfølging
- kopier av brev og andre dokumenter til foreldre

Skolen bør dokumentere telefonsamtaler og andre muntlige samtaler. Ved telefonsamtaler og andre kontakter, eller forsøk på kontakt enten med andre skoler, hos arbeidsgiver eller på bosted, skal det i beskrivelsen stå

- hvem som har tatt kontakt
- hvem som ble kontaktet



- når (dato)
- resultatet av hvert kontaktforsøk, opplysninger som er framkommet.

## **6. Dokumentasjon ved politianmeldelse**

Kommunen kan anmelde foreldre for brudd på opplæringsloven § 2-1 om rett og plikt til opplæring. Utdanningsdirektoratet har, sammen med Politidirektoratet, utarbeidet krav til den dokumentasjonen som bør foreligge når kommunen anmelder foreldre. Alle anmeldelser av denne type, skal så langt det er mulig, gjøres ved personlig fremmøte hos lokalt politi av en representant for kommunen.

### **Anbefalt dokumentasjon ved politianmeldelse:**

Følgende dokumentasjon bør anbringes når kommunen anmelder foreldre for brudd på opplæringsloven § 2-1

- dokumentasjon på at aktuell representant for kommunen har myndighet til å fremme påtale på vegne av kommunen (jf. straffeloven § 79 femte ledd)
- dokumentasjon på at informasjon om lovhemmel og mulig straffeansvar ble opplyst da foreldrene ble tilskrevet
- all skriftlig dokumentasjon som foreligger i elevmappen om forhold som vedrører den aktuelle sak

Dokumentasjon som er innhentet ved telefonsamtaler og andre kontakter, eller forsøk på kontakt enten ved andre skoler, hos arbeidsgiver eller på bosted, skal gjøres rede for

- hvem som har tatt kontakt (rektor, sosiallærer, kontaktlærer ...)
- hvem som ble kontaktet (mor, far ...)
- når (dato)
- resultatet av hvert kontaktforsøk, opplysninger som er framkommet.

## **7. Oversikt over regelverket**

Nedenfor følger en oversikt over relevant regelverk.

### **Rett og plikt til grunnskoleopplæring**

Regelverket om rett og plikt til grunnskoleopplæring finner dere i opplæringsloven § 2-1. "Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter.

Plikta kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna, tilsvarende opplæring." (...) "Dersom ein elev utan å ha rett til det har fråvære frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med böter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktlaust. Offentleg påtale blir ikkje reist utan når kommunen set fram krav om det." Private grunnskoler v/styret skal "melde frå til foreldra og heimkommunen til elevar som over lengre tid ikkje møter fram til undervisninga utan lovleg grunn."

### **Kommunens plikt og ansvar**

Kommunens plikt til å oppfylle elevers rett til grunnskoleopplæring omhandles i opplæringsloven § 13-1. Tilsvarende bestemmelse finnes i privatskoleloven § 5-2 annet ledd. Opplæringsloven § 13-10 og privatskoleloven § 5-2 tredje ledd omhandler ansvaret nærmere.



## Permisjoner fra opplæringen

Regelverket for permisjoner finner dere i opplæringsloven § 2-11. Tilsvarende bestemmelse finnes i privatskoleloven § 3-13.

### Foreldresamarbeid

Krav til foreldresamarbeid, herunder varsling, er omhandlet i forskrift til opplæringsloven kapittel 20 og forskrift til privatskoleloven kapittel 4.

### Opplysningsplikt til barnevernet

Ansatte i skoleverket har opplysningsplikt til barnevernet. Dette er presistert i opplæringsloven § 15-3 og privatskoleloven § 7-4.

Det følger av barnevernloven § 6-4 at offentlige myndigheter har opplysningsplikt til barneverntjenesten når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt eller når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker.

Opplysningsplikten er et selvstendig og personlig ansvar, og inntrer etter en konkret vurdering av forholdene rundt et bestemt barn. At plikten til å gi opplysninger påhviler den enkelte er likevel ikke til hinder for at det etableres rutiner som innebærer at opplysninger til barneverntjenesten formidles gjennom en overordnet, for eksempel rektor på en skole. Dette fratar imidlertid ikke den enkelte et selvstendig ansvar for å formidle opplysningene til barneverntjenesten dersom vedkommende rektor skulle unnlate å videreformidle opplysningene.

Bekymringsmelding kan imidlertid alltid sendes når det er enighet mellom skole og hjem om at melding sendes, uavhengig av hvor alvorlig bekymringen er. Skolen/lærer vil også alltid kunne diskutere bekymring de har for enkelt barn med barneverntjenesten, dersom de er i tvil om hvordan en bekymring bør følges opp.

For utfyllende informasjon om opplysningsplikt til barneverntjenesten viser vi til Rundskriv Q-24/2005 Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsretten og opplysningsplikten, utarbeidet av daværende Barne- og familiedepartementet og Barnevernloven med kommentarer, Ofstad og Skar, 2009.

### Referanser

Vereide, B. (2019, mars). Problematiske skolefravær. Hentet fra ntnuopen.ntnu.no . Åpen vitenarkiv: <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2612922/Bente%20Vereide.pdf?sequence=1>

Ingul, Jo Magne (2001) Anxiety and Social Phobia in Norwegian Adolescents; Studies of risk factors, school absenteeism and treatment effects"

Kearney, C. A. (2008) School Absenteeism and School Refusal Behavior in Youth Holden & Sållman (2010) Skolenekting: årsaker, kartlegging og behandling

